

Sesongslutt i Hobbyklubben

04.04.2011



Karen, Joakim og Adrian vann DVD-spelarar for ivrig refleksbruk

I kveld har det vore sesongavslutning for Hobbyklubben i Bedehuset  
- litt tidleg fordi påska er så sein.

Leiinga summerar opp med å slå fast

at det har vore ein positiv sesong med eit frammøte på mellom 15 og 20 etter jul. Klubben har møter annankvar måndag og aktivitetane har vore avis, hobby, bil og elektronikk.

Dei fleste som er med er femte- og sjetteklassingar, men det er også nokon frå sjuande.



- Han har bingo!

- Vi søker stadig etter nye og spennande aktivitetar, seier Britt Torill Mathiesen og stiller seg ope for gode forslag.
- Oddbjørg Heimark, ein annan av leiарane, spurde i kveld medlemmene direkte om kva dei hadde lyst på å gjera i klubben. Ein svara hobby og ein annan fly/helikopter.
- Oddbjørg sa det slik:
- Tenk grundigare over saken og kom med forslag. Dette er deres eigen klubb og det er viktig at klubben driv med noko som dykk har lyst på.

På programmet i kveld stod andakt, bingo og servering av dessert, men høgdepunktet var trekning mellom dei som har vore flinkast til å bruka refleks det siste halvåret. Karen Brede (6. klasse), Joakim Myklebust (5. klasse) og Adrian Storøy (5. klasse) vann kvar sin DVD-spelar og det var svært populært.

Oddbjørg hadde denne supplerande oppmodinga: - Ikkje slutt å bruka refleks sjølv om dagane blir llengre og ljosare. Også om dagen er det viktig å bli sett.

Britt Torill gjer det på si side klart at satsinga på Hobbyklubben vil halda fram til hausten.

- Så lenge det er interesserte ungdommar held vi sjølvsagt fram, lovar ho.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen